



Skjåk kommune
Plan, samfunn og miljø

Espen Opsahl

2690 SKJÅK

Delegert vedtak

Vår ref
2013/23/36/K12

Dykkar ref:

Saksbehandlar
Tor Taraldsrud
tor.taraldsrud@skjaak.kommune.no

Dato
04.03.2013

Saka gjeld: Søknad om løyve - snøscooter transport til Stamåtjønn - Espen Opsahl

Saksopplysning:

Søknaden:

Viser til trivelig prat i telefonen mandag 25.02.2013 i anledning spørsmål i tilknytning til søknad om snøscooterløyve vinteren/våren 2013. Som avtalt sender jeg søknaden pr. e-post, og søknaden gjelder kjøring med snøscooter til vår fiskebu som ligger på Ståmmåtjern. Formålet med turen er frakt av ny dør som må skiftes ut, da den gamle døren er utett og dårlig, samt at vi ønsker å få en dør som "slår innover" i gangen.

Har vært i kontakt med Tor Bruland i Skjåk Hytteservice som er villig til å ta på seg oppdraget.

Vi søker om løyve til å scooterkjøring vinteren/våren 2013, vanskelig å være konkret på dato da en slik tur vil være avhengig av vær- og føreforhold. I utgangspunktet ser vi for oss å kjøre opp Heggebotsætra, via Heggbotflya og inn til Ståmmåtjern. Dersom føreforholdene gjør dette vanskelig kan Aursjoen muligens være et alternativt startpunkt.

Trenger du mer informasjon vedrørende søknaden, er jeg å treffe på telefon nummer; 95 20 48 65.

Håper på positivt svar.

Med vennlig hilsen

Espen Opsahl

Fiskebua ved Stamåtjønn ligg i Ottadalen landskapsvernområde (LVO).

Postadresse
2690 Skjåk
E-post: post@skjaak.kommune.no

Heimeside
www.skjaak.kommune.no

Telefon
61217000
Telefaks
61217001

Bank
2085.07.40004
Org.nr
961381096

Vurdering:

Skifte av dør er vedlikehold av eksisterande bygning, noko som verneforskrifta opnar for.

Verneforskrifta for Ottadalen LVO opnar for at forvaltningsmynde kan gje løyve til transport av materialar til buer og hytter:

Verneforskrifta for Ottadalen LVO § 3 pkt. 5.3:

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

b) Nødvendig transport av ved, materialar eller varer til buer og hytter

Leigekøyrar med dispensasjon til ervervskøyning godkjent av kommunen kan nyttast til køyringa. Slik dispensasjon blir gjeve med heimel i nasjonal forskrift om bruk av motorkøyretøy i utmark og på islagte vassdrag § 5a). Tor Bruland i Skjåk Hytteservice er godkjent leigekøyrar i Skjåk kommune.

I følge § 7 i Naturmangfaldlova skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsipp som går fram av Naturmangfaldlova § 8–12:

§ 8 - kunnskapsgrunnlaget: På bakgrunn av kunnskapsinnsamling i samband med verneplanprosessen for Reinheimen er kunnskapsgrunnlaget for området godt. Ut frå denne kunnskapen er det ikkje sannsynleg at løyvet vil påverke naturmangfaldet i området.

§ 9 - føre-var prinsippet: Det er ikkje sannsynleg at tiltaka det her er søkt om vil medføre risiko for irreversibel skade på naturmangfaldet.

§ 10 - samla belastning for økosystemet: Ottadalen LVO er viktige leveområde for villrein i Ottadalen året rundt. Motorferdsel her må derfor haldast på eit minimum. Samla belastning i området blir ikkje vurdert som skadeleg for økosystemet.

§ 11 – kostnader ved miljøskade: Blir vurdert som lite relevant når det gjeld denne søknaden.

§ 12 - miljøforsvarlege teknikkar, driftsmetodar og lokalisering: Transport på snødekt mark med snøscooter vurderast å vere miljøforsvarlig.

Vedtak:

Skjåk kommune vedtek å gje Espen Opsahl løyve til transport av materialar for vedlikehold av eksisterande fiskebu ved Stamåttjønn som ligg i Ottadalen landskapsvernområde. Løyvet blir gjeve med heimel i:

Forskrifta for Ottadalen LVO § 3 pkt. 5.3. b) og c)

Løyvet blir gjeve på følgjande vilkår:

1. Det blir gjeve løyve for inntil 1 tur.
2. Transporten skal mest mogleg følgje same køyrespor tur-retur.
3. Køyninga skal gjennomførast innan 20. april 2013. Transporten bør ikkje skje i påska og helst ikkje i helg.
4. Det skal brukast leigekøyrar som har heimel til å drive leigekøyning i Skjåk kommune.
5. Motorferdsla skal meldast seinast dagen før til SNO (Per Olav Haugen tlf. 97057213), som vil gje melding om det må takast særlege omsyn i områda.
6. Det skal førast køyrebok, som skal fyllast ut på førehand og vere med køyretøyet under transporten. Kopi av køyrebok skal sendast forvaltningsmynde innan 5. juni 2013.

7. Det skal takast spesielt omsyn til villreinen under transporten. Om det er rein i planlagt køyrerute skal ein vente til dyra har trekt unna, eller til ein kan køyre rundt dyra i en avstand på minimum 500 m på le side.
8. Køyringa skal skje skånsamt med tanke på natur og miljø.

Løyvet avgrensar ikkje grunneigaren sin rett til å nekte ferdsel på eigen grunn. Det er søkjaren sitt ansvar å innhente dette.

*Vedtaket kan klagast til Direktoratet for naturforvaltning. Klaga skal sendast skriftleg til **Skjåk kommune**. Gje opplysning om vedtaket det blir klaga over, den eller dei endringane du ynskjer, og dei grunnane du vil leggje til grunn for klaga.*

Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen brevet kom fram til adressaten. Klaga må vera postlagt innan fristens utløp. Dersom du klagar så seint at det kan vere tvil om du har klaga i rett tid, må du og opplyse når denne meldinga kom fram.

Med helsing



Tor Taraldsrud
Miljøvernkonsulent

Kopi til:

DN
FM Oppland
KUR
Lesja kommune
Lom kommune
Norrdal kommune

Rauma kommune
Vågå kommune
SNO-Skjåk
SNO-Åndalsnes
Skjåk Almenning